

BORE SKULE



Plan for eit godt og trygt skulemiljø

INNHALD

Plan for godt og trygt skulemiljø	s.1
Bore skule – tiltaksplan godt trygt og godt skulemiljø	s.4
Innleiing	s.4
Forventningar	s.6
Tilsette	s.6
Leiinga	s.6
Elevane	s.6
Føresette	s.6
Rutinar for undervisningspersonalet	s.7
Kvar morgon skal lærar:	s.7
I timane skal lærar:	s.7
Ved avslutning av dagen skal lærar:	s.7
I friminutt skal lærar:	s.7
Årshjul for tiltak og førebygging på Bore skule	s.8
Brukarmedverknad	s.10
Samarbeid heim/skule	s.10
Elevråd	s.11
Trivselsfremmande tiltak	s.11
Smart	s.11
Klasseleiing	s.11
Fadderordning for 1.trinn	s.12
Felles aktivitetar	s.12
Tilsynsordningar i friminutt	s.12
Miljøpatruljen, MIPA	s.13
Alternativ læringsarena	s.13
Elevundersøkinga 6.trinn og foreldreundersøkinga	s.13
Årshjul for sosial kompetanse	s.13
Helsesjukepleiar	s.14

Sosiallærer/ miljøterapeutar	s.14
Tidleg innsats - team	s.14
Ordensreglar	s.15
Skulen sin plan mot mobbing og krenkjande åtferd	s.16
Definisjon	s.17
Førebyggjande tiltak på Bore skule og SFO	s.18
Prosedyrar i saker som gjeld trygt skulemiljø/krenking/mobbing	s.19
Mobbeknapp	s.23
Prosedyrar for handtering av utrygt skulemiljø/krenking/mobbing	s.23
Vedlegg	s.27
Vedlegg 1: Aktivitetsplan	s.27
Vedlegg 2: Varslings skjema for tilsette i skulen	s.29
Vedlegg 3: Varslings skjema for føresette	s.30
Vedlegg 4: Skjema for munnleg henvending til skulen ift eleven sitt skulemiljø	s.31
Vedlegg 5: Evalueringsskjema – evaluering av tiltak i aktivitetsplan	s.32
Vedlegg 6: Elevsamtale ved mistanke om utrygt skulemiljø/krenkja/mobba	s.33
Vedlegg 7: Elevsamtale ved mistanke om å gjere det utrygt/krenkje/mobbe	s.35
Vedlegg 8: Varslings skjema for dei som arbeider ved skulen om mistanke om at ein vaksen ved skule gjer det utrygt/krenkjer/mobbar elev	s.36
Vedlegg 9: Årshjul for sosial kompetanse	s.37

BORE SKULE – TILTAKSPLAN FOR TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

Skuleåret 2021-2022

INNLEIING

I læreplanverket (KL 20) heiter det at opplæringa skal gje elevane «kyndighet og modenhet til å møte livet sosialt, praktisk og personlig». Det vert uttrykt at det i skulen skal arbeidast med å utvikle elevane sine sosiale ferdigheiter, og det vert påpeikt at skulen ikkje berre skal dreie seg om fag. Skulen skal ikkje berre sjå til at elevane får skulefaglege kunnskapar, men og bidra til at elevane utviklar seg sosialt og personleg. På skulen skal elevane utvikle sosiale ferdigheiter som samarbeid, sjølvkontroll, ansvar og empati for andre. Sosial kompetanse er det omgrepet som best skildrar dette. Sosial kompetanse er me alle avhengige av for å kunne delta i sosiale fellesskap.

Den sosiale kompetansen dreier seg om evna eleven har til å samhandla med andre i sosiale situasjonar, og er for barn og unge ein viktig føresetnad for å meistre kvardagen i lag med andre på same alder. Dette er kunnskapar og ferdigheiter som mennesket til alle tider har lært og brukt.

Bore skule vil arbeida målretta for at elevane på skulen skal ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Bore skule startar skuleåret 2020-2021 med innføring av SMART. Dette vil ein arbeide vidare med skuleåret 2021-2022. Bore skule er også med i pulje 5 Inkluderande barnehage- og skulemiljø.

Der S står for styrkefokus, M står for medverknad, A står for anerkjenning, R står for relasjonar og T for trening.

Me legg vekt på å utvikle ei positiv samhandling og eit støttande læringsmiljø.

- Me vil at elevar og tilsette skal trivast i eit trygt og positivt læringsmiljø
- Me vil ha klare, felles forventningar til elevar, tilsette, leiinga og føresette
- Me vil ha føresette som gode og nødvendige støttespelarar.

- Me vil skapa grunnlag for eit godt læringsmiljø.
- Me vil at elevane skal møte varme og tydelege vaksne.
- Me vil gje elevane opplæring og erfaring i samarbeid.
- Me vil at elevane skal ta ansvar for seg sjølv og visa omtanke og respekt for andre.
- Me vil ha eit læringsmiljø med gjensidig respekt for lærarar, elevar og føresette.

Vårt hovudmål er at

ALLE ELEVANE SKAL OPPLEVA EIT TRYGT OG GODT ARBEIDSMILJØ FRITT FOR MOBBING OG ANNA KRENKJANDE ÅTFERD

Denne planen skal samle skulen sine mål, rutinar og tiltak. Planen seier noko om det me meiner er viktig for å bygge eit positivt læringsmiljø og den einskilde si oppleving av trivsel, tryggleik, helse og læring.

Forventingar

FORVENTINGAR TIL TILSETTE:

- Skapa eit trygt læringsmiljø
- Behandla elevane med omsorg og respekt
- Ha fokus på elevane si jamlege tilbakemelding på eigen læring og utvikling, samt framovermelding for å auke læringsutbyttet.
- Lytta til føresette sine innspel og meiningar og ha tett dialog med heimen.
- Behandla kollegaer med omsorg og respekt.
- Er lojale mot det som blir bestemt.

FORVENTINGAR TIL LEIINGA:

- Sørja for at personalet har nødvendig kunnskap og kompetanse til å handtere mobbing i skulen.
- Behandle alle med respekt og være ein støttespelar.
- Skapa ein tett dialog mellom alle i skulesamfunnet.
- Ta tak i førespurnader kring det psykososiale miljøet
- Løfta det positive som skjer i læringsarbeidet

FORVENTINGAR TIL ELEVANE

- Respekterer skulen sine reglar og bidreg til at andre har det bra
- Seier i frå til ein vaksen om dei ser nokon ikkje har det bra eller blir plaga av andre elevar
- Syner respekt, omsorg og ansvar for medelevar og vaksne
- Møter presis og har arbeidsro i timane og har med naudsynt utstyr

FORVENTINGAR TIL FØRESETTE

- Deltek på foreldremøter og utviklingssamtalar.
- Sørgjer for at barna kjem presis til skulen og har med nødvendig utstyr og matpakke.
- Sørgjer for at barna er utkvilte og har ete frokost.
- Støtter opp og bidreg positivt til skulen sin innsats for trivsel, læring og tryggleik.

- Bidreg til at skulen sin reglar og konsekvensar blir fulgt opp.
- Følgjer opp leksearbeid.
- Snakkar positivt om skulen

RUTINAR FOR UNDERVISNINGSPERSONALET

KVAR MORGON SKAL LÆRAR:

- Møta ute minst 5 minutt før det ringer inn
- Venta ved døra til klasserommet
- Helsa på kvar elev og seia god morgon før dei går inn i klasserommet

I TIMANE SKAL LÆRAR:

- Syta for at elevane er mest mogleg merksame før timen startar
- Introdusera tema/mål for økta
- Syta for arbeidsro
- Ferska elevane i å vera GOD
- Ta ei rask oppsummering før friminutt/evt slutten av dagen – nådde vi måla våre?

VED AVSLUTNING AV DAGEN SKAL LÆRAR:

- Syta for at elevane får med seg rette bøker heim
- Sjå til at rommet er ryddig
- Markera ei felles avslutting på dagen
- Syta for god overgang til SFO
- Sjå til at lyset er sløkt og vindauga att

I FRIMINUTTA SKAL LÆRAR:

- Vera ute til rett tid
- Ha refleksvest på
- Vera merksame på elevane ute og vera ein trygg vaksen

ÅRSJUL FOR TILTAK OG FØREBYGGING PÅ BORE SKULE

Kor tid	Tema/aktivitet	Ansvar
Aug	Rutinegjennomgang med personalet <ul style="list-style-type: none"> ✓ Gjennomgang av opplæringslova kap 9a. ✓ Gjennomgang av felles omgrep og forståing av skulen si aktivitetsplikt - dei fem handlingspliktene. ✓ Gjennomgang av Jærskulen sitt system for trygt og godt skulemiljø. ✓ Gjennomgang av skulen sin tilsynsordning jamfør skulen si «plikt til å følgja med» ✓ Gjennomgang av rutinar for handtering av fråvære. 	Rektor
	Klassemiljøfokus <ul style="list-style-type: none"> ✓ Fokus på klasse – og skulemiljø i klassene. 	Kontaktlærer
	Ordensreglement <ul style="list-style-type: none"> ✓ Ordensreglementet skal bli gjennomgått i personalet og i klassane. 	Rektor Kontaktlærer
	Klassekontaktmøte <ul style="list-style-type: none"> ✓ Samling for klassekontaktar – kontaktlærer. ✓ Eit av fokusområda skal vera samarbeid om elevane sitt skulemiljø, jf. opplæringslova § 9a-3. 	Rektor Kontaktlærer
	Fadderordning <ul style="list-style-type: none"> ✓ Setja i verk årets fadderordning. 	Kontaktlærer
Sept	Elevråd <ul style="list-style-type: none"> ✓ Elevane sitt skulemiljø skal vera i fokus. Elevane skal bli involverte i skulen sitt arbeid med trygt og godt skulemiljø. ✓ Gjennomgang av Jærskulen sitt system for trygt og godt skulemiljø. ✓ Val av elevrepresentantar til skulemiljøutvalet. ✓ Info om skulemiljøvalet sitt mandat og roller. 	Elevråds- kontakt og elevar
	FAU/Driftsstyre <ul style="list-style-type: none"> ✓ Etablering av FAU. Gjennomgang av roller og mandat. ✓ Informasjon om retningslinjer og skulen sitt systemarbeid knytta til opplæringslova kap 9a. ✓ Gjennomgang av Jærskulen sitt system for trygt og godt skulemiljø. ✓ Val av representantar til Skulemiljøutvalet. 	Rektor FAU Skulemiljøutv. Driftsstyre
	Foreldremøter	Rektor Kontaktlærer

	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Foreldremøter – Informasjon om kap. 9A og fokus på skulemiljøet. Individretta og systemretta info (regler, rutinar, rettar, foreldresamarbeid og gjensidige forventingar, etc) ✓ Gjennomgang av Jærskulen sitt system for trygt og godt skulemiljø. 	
Okt	Kartlegging av skulemiljø <ul style="list-style-type: none"> ✓ Gjennomføring av elevsamtalar og utviklingssamtalar. ✓ Gjennomføre klassetrivsel og relasjonskartlegging. ✓ Analyse av relasjonskartlegging og sosiogram og sette i verk eigna tiltak. 	Kontaktlærer Rektor
	Skulemiljøutval <ul style="list-style-type: none"> ✓ Etablering av Skulemiljøutvalet. ✓ Gjennomgang av skulen sitt arbeid knytta til kap 9a. 	Rektor
Nov	Elevundersøkinga <ul style="list-style-type: none"> ✓ Gjennomføring av nasjonal elevundersøking. Resultata nyttas som grunnlag for skulen sitt arbeid med skulemiljøet i personalet, elevrådet, FAU og skulemiljøutvalget. 	Rektor Kontaktlærer
Des		
Jan	Foreldremøte Gjennomføre fellesforeldremøte med tema SMART	Avd.leiar Rektor Smart oppvekst
Feb	Kartlegging av skulemiljø <ul style="list-style-type: none"> ✓ Gjennomføring av elevsamtalar og utviklingssamtalar. ✓ Gjennomføre klassetrivsel og relasjonskartlegging. ✓ Analyse av relasjonskartlegging og sosiogram og sette i verk passande tiltak. 	Kontaktlærer Rektor
Mars	Foreldremøter <ul style="list-style-type: none"> ✓ Foreldremøte i samarbeid med foreldrekontaktane blir gjennomført. <ul style="list-style-type: none"> • Valg av foreldrekontakter for komande skuleår 	Rektor Kontaktlærer
Mai	Evaluering <ul style="list-style-type: none"> ✓ Evaluering av skulen sitt arbeid for trygt og godt skulemiljø i personalet. 	Rektor
Juni	Dialogmøte <ul style="list-style-type: none"> • Møtearena for skuleleiinga og skulekontor. Resultat av skulen si evaluering blir lagt fram. 	Skuleleiar Skuleeigar

BRUKARMEDVERKNAD

SAMARBEID HEIM - SKULE

Ein føresetnad for eit positivt elevmiljø er at heimen og skulen har eit godt samarbeid. Me ønskjer å ha ein god og open kommunikasjon kor det skal vera lett å ta kontakt. Me arbeidar for ein god og open kommunikasjon, kor me ønskjer å vera lett tilgjengelege.

Me har fast organisering for samarbeid:

- Skulen inviterer alle føresette til **utviklingssamtalar** to gonger i året. Dette er ein samtale mellom elev, føresette og kontaktlærer. På denne samtalen skal alle involverte saman setje opp både faglege og sosiale mål for neste periode. Det blir og snakka om eleven sin trivsel på kvar samtale.
- I forkant av utviklingssamtalane blir det og gjennomført **elevsamtalar** som er ein fortruleg samtale mellom lærar og elev. Elevsamtalen skal ha eit positivt og førebyggjande utgangspunkt. Det skal leggjast vekt på både sosiale og faglege forhold.
- Føresette blir innkalla til **foreldremøte** to gonger i året. Her tek me opp tema som er viktige for elevane, skulen og heimane.
- Kvar år blir det vald **foreldrekontaktar**. Dei skal saman med dei andre føresette på trinnet aktivt delta for å fremje eit positivt elevmiljø, til dømes ved å arrangera spelekveldar, turar, avslutningar o.l.
- Foreldrekontaktane lagar saman med kontaktlærer eit oversyn over sosiale arrangement og kven som har ansvar for organiseringa. Nokre foreldre frå alle trinn blir og valde til å sitje i **FAU**. FAU består av foreldrekontaktar som fremjar saker og medverkar i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø.
- Me har og **samarbeidsutval** som er skulen sitt hovudutval med alle partane i skulen representerte – to lærarrepresentantar og ein for andre tilsette.

ELEVRÅD

Ein viktig del av det systematiske skulemiljøarbeidet, er involvering av elevane. Dei har rett til å bli informert, involvert og høyrte.

§ 9 A-8.Elevdeltaking i arbeidet med skulemiljøet

Elevrådet er elevane sitt demokratiske organ, vald av elevane for elevane. Representantar deltek frå 2. – 6. trinn, med ein representant og ein vara frå kvar klasse. Dei blir valde i byrjinga av kvart skuleår. Det er elevrådsmøter ein til to gonger per månad. Elevane fremjar sjølve saker dei ønskjer å ta opp i elevrådet. Kontaktlærarane informerer om sakene på 1. trinn.

Det er elevrådet si oppgåve å representera elevane på skulen overfor rektor og andre som bestemmer på skulen. Elevrådet skal arbeida med ulike trivselstiltak, som kan gjera skuledagen meir triveleg. Det er viktig at elevrådet får diskutere skulen sine standardar, for å sikre alle elevar eit godt skulemiljø. Elevrådet skal kontinuerleg arbeida med trivsel og førebyggja mobbing og dei som er valde inn i elevrådet får eit ekstra ansvar med å gå føre som gode eksemplar.

TRIVSELSFREMMANDE TILTAK

SMART

Bore skule arbeider for å bli ein SMART skule. SMART står for styrkefokus, medverknad, anerkjenning, relasjonar og trening. SMART bruker eit styrkebassert perspektiv og deltakande metoder. Smart skal bidra til robuste elevar som taklar det livet vil by på av medgang og motgang. SMART skal utvikle eit fellesskap der ALLE opplever å vera inkludert, ha engasjement, livsglede og håp. For å få til dette legg SMART vekt på eigenskapane som kvar enkelt menneske har med å forsterke desse positivt. SMART har fokus på styrkane til elevane og vil forsterke desse. Metodane SMART bruker er å førebygge og ikkje reparere, og han ønsker å involvere elevane til å bli deltakarar i eige liv.

KLASSELEIING

Smart og klasseleiing heng nøye saman. Det er derfor viktig at dei vaksne har gode relasjonar til elevane, god leiing, gir tydelege beskjeder og har gode rutinar i klasserom og elles. Då vil og elevane sin kvardag bli enklare.

Den autoritative læreran har stor relasjonell kompetanse og ein god relasjon mellom lærar og elev er hjørnesteinen i god klasse leiing. Forsking viser at lærar – elev – relasjonen har tyding for elevane sine læringsresultat og åtferd. Ein positiv relasjon bygger på læraren si vilje til å bry seg om alle elevane, vise interesse for den einskilde, vera støttande og ha forventningar om utvikling. Elevane må vite kva læraren forventar og det må vere ei gjensidig respekt og tillit som gjer at dei kan vere saman om det arbeidet som skal gjerast. Den autoritative læraren er tydeleg og har kontroll, samstundes som han eller ho er støttande og empatisk og anerkjenner eleven som aktør i læringsarbeidet i klasserommet. Læraren si evne til å lese klassar og grupper er ein av de viktigaste faktorane i arbeidet mot mobbing og for å skape gode læringsmiljø. God klasseleiing vert kjenneteikna av ein tydeleg struktur i undervisinga og formulering av tydelege mål for elevane si læring og læringsmiljø.

FADDERORDNING FOR 1. TRINN

Føremålet med fadderordninga er at dei yngste elevane skal kjenna seg trygge på at det er nokre eldre elevar som passar på dei litt ekstra. Det er og ønskjeleg at dei eldre elevane kjenner ansvar for dei som er yngre og der gjennom få verdifull erfaring. Fadrane må aktivt bidra for å få eit godt miljø som inkluderer alle. Det er 5. trinn som er fadrar for 1. trinn og 6. trinn er fadrar for 2. trinn. Ved byrjinga av kvart skuleår blir det laga ein plan over felles aktivitetar, turar og anna samarbeid mellom trinnet til fadrane og trinnet til fadderborna.

FELLES AKTIVITETER

Når me opplever noko saman, lærer vi kvarandre betre å kjenne. Me har i løpet av eit skuleår fleire aktiviteter kor heile skulen er saman.

TILSYNSORDNINGAR I FRIMINUTTET.

Elevane skal, når dei oppheld seg på skulen og SFO, vera under tilsyn. I kvart friminutt har me minst 10 vaksne ute som inspiserer kvar si sone. Tilsynsvaktene skal vera synlege og bruka gule vestar. Ved skulestart har me alltid ute ekstra mange tilsynsvaktar. Frå skuleåret 20/21 tek skulen i bruk to dags rytmar, slik at det blir færre elevar ute på same tid.

MILJØPATRULJEN (MIPA)

Miljøpatruljen (MIPA) er elevar frå 5. og 6.trinn som organiserer varierte leiker ute i dei lange friminutta måndagar, onsdagar og torsdagar. Målet med dette er å bidra til meir aktivitet, at det skal være eit lett tilgjengeleg aktivitetstilbod.

For å bli med i MIPA må du:

- Vera omsorgsfull og ønskje at alle skal ha det bra og være med i leiken
- Ikkje vera ein mobbar og våga å seia i frå
- Lika å organisera, setja i gong og leda leiker
- Ta ansvar og rydda inn alt utstyr på plass

ALTERNATIV LÆRINGSARENA

Me har ulike tilbod til elevar på 2. -6. trinn som treng alternativ arena og praktisk retta undervisning. Tilbodet er behovsprøvd og blir drøfta i leiargruppa saman med kontaktlærar og sos.ped.teamet. Me har mellom anna:

- Lille hjelpar
- Føniks
- Vaktmeistergruppe

ELEVUNDERSØKING 6.TRINN, FORELDREUNDERSØKING OG TRIVSELSUNDERSØKING

Me gjennomfører nasjonal elev- og foreldreundersøking ein gong i året. To gonger i året gjennomfører vi ein eigen klasses trivselundersøking og relasjonskartlegging. Desse blir brukt for å kartleggja og jobba med den sosiale utviklinga i klassen og for den einskilde elev. Dersom undersøkingane avdekkjer problem, sørgjer skuleleiinga for at sakene blir tekne tak i.

ÅRSJUL FOR SOSIAL KOMPETANSE

Me har utarbeida eit årshjul med sosiale mål som bygg på eigenskapane i SMART. På Bore skal vi bygga styrkar og fremja det som kvart einskilt barn har som sine styrker. Kvar månad har ein eigenskap. Klassane skal arbeid med eigenskapane som ein naturleg del av undervisninga i alle fag. På 1.-2.trinn arbeider dei i tillegg med programmet Zippy, som skal fremja den psykiske helsa.

HELSESJUKEPLEIAR

Bore skule har helsesjukepleiar knytta til skulen. Ho er tilgjengeleg for elevar, lærarar og føresette som treng råd og rettleiing. Helsesjukepleiar arbeidar helsefremjande og førebyggjande og arbeider etter nasjonale retningslinjer. På skulen vaksinerar ho og har samtaler både i gruppe og med enkeltelevar. Ho sjekkar syn og hørsel om det er mistanke om at det ikkje er bra. Ho deltek i undervisning på aktuelle trinn både når det gjeld sorg, pubertet og andre aktuelle tema. Ho har og PIS-grupper for dei som har to heimar og kan delta i jente- og guttegrupper og er kontaktperson for SMISO på 6. trinn. Helsesjukepleiar deltek i tverrfaglige møter på skulen og samarbeider med skulelege, fysioterapeut, PPT, barnevern, familieeininga i Klepp, fastlege og spesialisthelsetenesten.

Eleven kan sjølve ta kontakt med helsesjukepleiar om dei ønskjer nokon å snakka med. Føresette kan og ta kontakt om dei opplever utfordringar/spørsmål omkring eleven anten det er skulen eller heime.

SOSIALLÆRAR/MILJØTERAPEUTAR

Me har tilsett ein sosiallærer og to miljøterapeutar som er skulen sitt sos.ped.team. Sos.ped.teamet har som oppgåve å halde oversikt over det sosiale livet på skolen, og kan jobbe med enkeltelever, grupper eller klasser. Elevene kan venda seg til sos.ped.teamet for å snakke om ting som opptek dei og som kan være vanskelig i kvardagen. Det kan være eigen usikkerhet, vanskelege tankar, konflikhtar på skulen, vanskelige forhold i heimen, mobbing eller heilt andre ting dei lurar på. Sos.ped.teamet har teieplikt, men kan likevel vera eit bindeledd mellom elev, helsesøster, lege eller barnevern. Dei kan vidareformidla til annen hjelp utanfor skolen.

TIDLEG INNSATS - TEAM

Me har eit tidleg innsats team som består av:

- Representant frå skuleleiinga
- Spes.ped.koordinator
- Sosialrådgjevar
- Helsesjukepleiar
- Kontaktperson PPT
- (Kontaktperson barnevern ved konkret behov)
- Evt føresette

Kva veke har tidleg innsats – team møte med fast struktur:

1. Lærar legg fram tiltaksplan som er evaluert
2. Lærar får innspel frå fleire fagpersonar (sikrar fleirfagleg blikk på utfordringa)
3. Prøver ut tiltak i avtalt antal veker (kan her få konkret hjelp frå fagpersonar for å komma i gang med tiltak)
 - a. Fungerer etter evaluering av tiltak → sak avsluttast
 - b. Fungerer ikkje etter evaluering av tiltak → ny runde i **Tidleg innsats:**
 - i. endring av tiltak
 - ii. aktuelle andre fagpersonar inviterast inn (koordinerande eining, Eirik Raude-senteret, Orstad læringscenter, familieeininga, lege, flyktningetenesta, ungdomskoordinator, kommunepsykolog, politikontakt, andre?)
 - iii. tilvising til rett instans i rett rekkefølge eller samstundes (bruk av Pedagogisk analyse/Firfoting)

Samtykke frå føresette/ ungdom ligg som grunnlag for arbeidet

ORDENSREGLAR

Ein føresetnad for eit godt miljø er føreseieleg og tryggleik og når det kjem til regler, rutinar og konsekvensar. På Bore skule:

- Snakkar me fint til og om kvarandre
- Me er inkluderande
- Me høyrer etter og følger beskjeder
- Me held armer og bein for oss sjølve
- Me ryddar etter oss
- Me lar andre sine ting vera i fred

I tillegg viser me til [Ordensreglement](#) for skulane i Klepp. Desse reglane skal følgjast opp med positive tilbakemeldingar på god oppførsel og konsekvensar for brot på reglane. Dette skal følgjast opp av alle dei vaksne på skulen.

SKULEN SIN HANDLINGSPLAN MOT MOBBING OG KRENKJANDE ÅTFERD

Opplæringslova kapittel 9a handlar om eleven sitt skulemiljø.

§ 9 A-2 «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring».

Alle elevar har rett på eit godt læringsmiljø utan å bli utsett for krenkjande ord eller handlingar, jmf. Opplæringslova §9a-3.:

”Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhøyr.

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.”

Eksempela som blir nemnt i lova er mobbing, vald, diskriminering og trakassering, men skulen skal ha nulltoleranse og for mindre alvorlige krenkingar. Verken direkte handlingar som til dømes hatytringar eller meir indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking skal tolererast. Skulen si oppgåve er og å læra elevane å tenkja kritisk og å respektera andre sine meiningar og øvetydingar. Kva som blir opplevd som krenkjande, varierer ut i frå den enkelte si tidlegare erfaringar og bakgrunn.

Mål: Alle elevar skal oppleve eit trygt og godt arbeidsmiljø fritt for mobbing på skulen.

<https://www.udir.no/nullmobbing>

Definisjon av mobbing og krenkjande åtferd

Ein mykje brukt definisjon på mobbing er *”en person er mobbet eller plaget når han eller hun, gjentatte ganger og over en viss tid blir utsatt for negative handlinger fra en eller flere personer”* (Olweus, 1997).

Mobbing kan sjåast på som enkeltkrenkingar i rekkjefølgje. For å stoppa mobbing, må einskildkrenkingar bli avdekka og stoppast tidleg, før dei blir mange og meir alvorlege.

Krenking kan ha mange former. Nokre døme er:

- Uthenging
- Negativ omtale på internett eller sosiale mediar
- Baksnakking og spreining av lygn
- Vald og fysiske øvegrep
- Øydelegging og steling av ting
- Truslar
- Ironi og sarkasme
- Stemmeleie og herming
- Kroppsspråk
- Slutte å snakka når ein elev kjem
- Kallenamn som er negativt meint
- Kjefting
- Systematisk avvising eller stryking av ein som internettven
- Utestenging i form av ikkje å bli ringt til eller kontakta mens alle andre er samla
- Negative blikk

FØREBYGGANDE TILTAK PÅ BORE SKULE OG SFO

Alle konkrete tiltak er beskrivne ovanfor og me viser til denne i si heilheit.

Skulen skal leggja vekt på:

- At det blir arbeida kontinuerleg, langvarig og systematisk med elevane sitt skulemiljø.
- At skulen, elevane og føresette samarbeider om det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet.
- At tydeleg klasseleiing er ein føresetnad for å førebyggje, avdekke og handtera krenkjande ord og handlingar.
- At alle tilsette ved skulen har ei aktivitetsplikt til å følgja med, gripa inn og varsla krenkjande åtfærd mot elevar.

Heimen har hovudansvaret for eige barn (jf føremålsparagrafen). Dette forventar me at heimen tek ansvar for:

- At barnet respekterer andre sine kjensler, synspunkt, interesser og egedelar.
- At barnet får rettleiing i å forstå konsekvensar av eigen åtfærd.
- At heimen vender seg til kontaktlærar om barn viser teikn på at dei ikkje trivst.
- Kjennskap til at eige barn eller andre sitt barn blir utsett for mobbing eller krenking blir varsla til kontaktlærar, sosiallærar eller rektor.
- At føresette deltek på møter og arrangement i regi av skule og foreldrekontaktar.
- At skulen, medelevar og tilsette blir omtala positivt til barnet.

PROSEDYRE I SAKER SOM GJELD UTRYGT SKULEMILJØ/ KRENKING/ MOBBING

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn i forhold til utrygt miljø og krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg. [Opplæringslova § 9a-4](#).

[Aktivitetsplikta](#) er ei lovendring frå og med 1.august 2017. Alle tilsette ved skulen har ei aktivitetsplikt som seier at me skal:

- 1. Følgja med**
- 2. Gripe inn**
- 3. Varsla**
- 4. Undersøke saka**
- 5. Laga ein plan for kva som skal gjerast**
- 6. Dokumentera kva som er gjort**

Ved mistanke eller kjennskap til at ein elev blir utsett for krenkjande ord og handlingar, skal tilsette nytta meldeskjema (vedlegg 2). Føresette kan nytta eige skjema (vedlegg 3). Dersom føresette kjem med ei munnleg uro, skal mottakar av meldinga fylla ut meldeskjema (vedlegg 4)

Skulen har plikt til å undersøkje saka og til å lage ein aktivitetsplan dersom ein ser at retten til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring ikkje er tilstade for eleven. Skulen skal sikre at eleven si subjektive oppleving kjem fram og at tiltak blir sett i gang så raskt som mogleg. Dette skal dokumenterast i ein aktivitetsplan (vedlegg 1).

Skulen skal følgja opp tiltaka som blir sett inn for å stoppa mobbinga og sjå til at dei verkar etter intensjonen. Tiltaka skal evaluerast (vedlegg 5). Nye tiltak skal setjast inn dersom mobbinga ikkje tar slutt. *Udir har skildra [aktivitetsplikta](#) på ein oversikteleg og god måte*

Plikt	Kva vil det seie?	Korleis
<p style="text-align: center;">1</p> <p>Følgje med</p>	<p>Alle som arbeider på skulen har plikt til å følgja med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Hugs at dette også gjeld vaktmeister, reinhaldarar og helsesjukepleier.</p> <p>Rektor skal sikra at alle som har kunnskap om kva som kan vera teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt.</p> <p>Personalet må i fellesskap reflektera over kor og når krenkingar kan skje og kven som kan vera utsett for å bli krenka eller som sjølv krenker.</p> <p>Rektor skal sikra at alle på skulen følgjer spesielt godt med på sårbare elevar og at personalet har kunnskap om kva forhold rundt ein elev som kan gjera eleven særskilt sårbar</p> <p>Rektor skal sikra korleis skulen systematisk får informasjon frå elevane om korleis dei opplever skulemiljøet. (Når skal det gjerast og kven er ansvarleg)</p> <p>Rektor skal sikre at alle som jobbar ved skulen har kunnskap om at det er eleven sin subjektive oppleving som avgjer om eleven har det trygt og godt.</p>	<p>Døme:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vaktordning. Korleis og innhald/oppgåver • Observasjon formell og uformell • Elevsamtalar • Trivselundersøkingar • Elevundersøkinga • Diskutera ekstra sårbare elevar på trinn/team <p>Systematisk informasjon:</p> <p>Hugs å bruke årshjul for å sikra når det skal gjerast og kven som er ansvarleg.</p>
<p style="text-align: center;">2</p> <p>Gripe inn</p>	<p>Krav om nulltoleranse: Rektor må sørgja for at alle som jobbar ved skulen straks grip inn ved krenkingar som utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald og diskriminering.</p> <p>Rektor skal sørgje for at dei tilsette kjenner til korleis dei skal gripa inn.</p> <p>Plikta til å gripe inn er begrensa til inngrep som er moglege å gjennomføra. Me skal ikkje skada oss sjølv eller andre, eller krenkja andre for å stansa situasjonen, med mindre det er naudrett.</p>	<p>Døme</p> <ul style="list-style-type: none"> • Negativ åtferd skal stoppast på ein tydleg og respektfull måte. • Henvend deg tydeleg til ein og ein elev –framfor til heile gruppa. • Gje ein tydeleg og klar beskjed. Minimal bruk av ord • Bruk av namn er eit stekt verkemiddel • Avtal gjerne oppfølging
	<p>Rektor skal sikre at alle som jobbar i skulen, raskt varslar rektor dersom dei får mistanke om eller</p>	<p>Døme</p> <ul style="list-style-type: none"> • Når ein tilsett får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har

<p style="text-align: center;">3</p> <p style="text-align: center;">Varsle</p>	<p>kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.</p> <p>Rektor skal varsle skuleeigar om alvorlege tilfelle</p>	<p>det trygt og godt, skal dette varselet gå til rektor same dag.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen avgjer om dette skal skje munnleg eller ved bruk av eit varslings skjema. <p>Døme:</p> <ul style="list-style-type: none"> • I alvorlege saker skal rektor varsle skulesjefen. • Det kan vera saker som er særleg valdelege eller integritetskrenkande, fleire elevar er involvert i mobbing mot enkeltelev eller til dømes digital mobbing på tvers av skular.
<p style="text-align: center;">4</p> <p style="text-align: center;">Undersøke</p>	<p>Rektor skal sikra at skulen undersøker saka snarast når skulen får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.</p> <p>Rektor skal dokumentera og sikra at alle som jobbar på skulen veit korleis dei skal undersøkje og følgje opp at dette blir gjort.</p> <p>Skulen må nytta ulike og varierte måtar å undersøkje på. Undersøkingane skal få fram:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fakta om situasjonen. Avdekka kva som har skjedd. 2. Eleven si oppleving av skulemiljøet. <p>Skulen skal ikkje skaffe og vurdere bevis for eller mot at eleven er blitt krenka eller mobba</p> <p>Rektor skal sikre at alle involverte elevar skal bli høyrte.</p> <p>Undersøkingane skal vera grunnlaget for å sette i verk effektive tiltak.</p>	<p>Døme:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Saka skal undersøkast same dag - eller dagen etter dersom varslinga kjem etter skuletid. • Elevsamtalar • Samtale med føresette • Observasjonar • Spektar/Klassetrivsel/Innblikk <p>Analyse av resultatane er viktig og når undersøkingane er ferdig, skal det trekkast ein konklusjon.</p> <p>Undersøkingane skal dokumenterast gjennom egne notat/ referat eller som ein del av innleiinga til aktivitetsplanen.</p>
<p style="text-align: center;">5</p>	<p>Rektor skal sikra at det blir sett inn eigna tiltak dersom retten til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt. Plikten til å setje inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.</p>	<p>Tiltaka kan rettast mot:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Den som vert krenka • Den som krenkar • Tilskodarar • Gruppa/trinnet • Heile skulemiljøet

<p>Sette inn tiltak</p>	<p>Rektor skal sørge for at val av tiltak blir gjort ut frå faglege vurderingar.</p> <p>Eleven sitt beste skal vera eit grunnleggjande omsyn når ein set inn tiltak</p> <p>Rektor skal sørge for at elevar som har tiltak retta mot seg, også har rett til å uttala seg. Det skal også skriftleggjerast.</p> <p>I tillegg skal skulen følgja opp tiltaka, evaluera verknad av tiltaka og leggja til eller endra tiltak viss det er naudsynt.</p> <p>Plikten til å setja inn tiltak gjeld så lenge eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Tiltaka skal vera tydelege, ha presise mål og hensikta med tiltaket skal konkretiserast. • Tiltak som er eigna i ei sak kan vera ueigna i andre saker. • Tiltaka skal vera lovlege. Sanksjonar skal vera i tråd med ordensreglementet til kommunen.
<p>6</p> <p>Dokumentere</p>	<p>Syner til føringane over her på delplikt 1-5.</p>	

MOBBEKNAPP

På heimesida ligg det ein raud knapp, kalla mobbknapp. Her kan elevar eller føresette melda frå om utrygt skulemiljø, krenking og/ eller mobbing. Ved å gå til skulen sine nettsider og senda ei melding frå denne mobbknappen, vil det gå ein e-post til rektor.

PROSEDYRE FOR HANDTERING AV UTRYGT SKULEMILJØ/ KRENKING/ MOBBING

	Oppgåve	Ansvar
1.	Undersøking og observasjon. Skal bli sett i gang straks.	Alle tilsette
2.	Samtale med eleven som kjenner seg utrygg/krenka/mobba (vedlegg 6). For å skaffa informasjon og gje støtte. Skulen skal sikre at eleven si eiga subjektive oppleving kjem fram.	Kontaktlærer/sosiallærer
3.	Samtale med føresette til eleven som opplever det utrygt/krenka/mobba. Skulen har ansvar for å leggja til rette for dialog om tiltak som kan/bør gjerast.	Kontaktlærer/sosiallærer
4.	Samtale med eleven som gjer det utrygt/krenkjer/mobbar (vedlegg 7). Er det fleire som plagar, skal det bli snakka med ein om gangen. Hensikta med samtalen er å gje beskjed om at slik åtferd er uakseptabel og må stoppe straks. Informere om eventuell konsekvenstrapp*. Gjere avtaler om oppfølging.	Kontaktlærer/sosiallærer
5.	Samtale med føresette til eleven som gjer det utrygt/krenkjer/mobbar. Skulen har ansvar for å legge til rette for en dialog om tiltak som kan/bør gjerast. Informere om eventuell konsekvenstrapp.	Kontaktlærer/sosiallærer
6.	Vurdering etter inn henting av informasjon Pedagogisk analyse	Kontaktlærer/sosiallærer
7.	Aktivitetsplan. Denne planen skal innehalde: <ul style="list-style-type: none">• Retten til eit godt psykososialt miljø• Skildring av situasjonen• Kva slags problem som skal løysast• Tiltak	Kontaktlærer/sosiallærer/rektor

	<ul style="list-style-type: none"> • Kor tid tiltaka skal gjennomførast • Kven som er ansvarlig • Kor tid tiltaka skal evaluerast 	
8.	Dokumentera at punkt 1-6 er gjennomført samt at aktivitetsplanen inngår som eige vedlegg i dokumentasjonen. Kan nytta samtaleskjema /vedlegg 5 og 6.	Kontaktlærer/sosiallærer/rektor
9.	Evaluering av tiltak; Er det behov for ytterlegare tiltak, evt. oppfølgingstiltak?	Kontaktlærer/sosiallærer/rektor
10.	Vurdera oppfølgingstiltak	Kontaktlærer/sosiallærer/rektor
11.	I alvorlege tilfelle skal rektor varsle skuleeigar jf: https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/aktivitetsplikt/#alle-ansatte-har-plikt-til-a-gripe-inn .	
12.	Tilsett som mobbar. Ved mistanke skal rektor varslas som igjen varslar skuleeigar. Skjerpa aktivitetsplikt.	

*Konsekvenstrapp: Reaksjoner og tiltak på brudd i henhold til §9A – rett til trygt skulemiljø, ordensreglementet og retningslinene for Bore skule

Skulen si plikt til å gjennomføra, evaluera og tilpassa tiltaka

Plikt	Kva vil det seie?
Skriftleg aktivetsplan	<ul style="list-style-type: none"> • Aktivetsplan skal nyttast i alle saker der ein set inn tiltak. • Det skal vera låg terskel for å nytte aktivetsplan. • Språket i planen skal vera forståeleg for alle partar. • Namn på andre elevar blir ikkje nytta i aktivetsplanar. Ein nyttar omgrep som utøvande elev, mobbar eller krenker • Rektor skriv under på aktivetsplanen, og planen blir lagra i elevarkiv • Mal frå Jærskulen skal nyttast.
Elev/føresette	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen kallar inn føresette til møte og informerer om undersøkingane som er gjort og grunnjev val av tiltak. Elev og føresette skal få anledning til å komme med innspel i utarbeiding av aktivetsplanen. • Planen skal sendast heim til elev/føresette
Følgje opp	<ul style="list-style-type: none"> • Rektor skal undervegs følgje opp at tiltaka blir gjennomført. Det er eit krav at skulen må dokumentera at rektor har følgd opp tiltaka. <p>Døme:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Fast punkt på trinn- eller teammøte. ○ Det blir skrivne referat frå møta.
Evaluera tiltaka	<ul style="list-style-type: none"> • Rektor skal innhenta tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltak har verka, inkludert eleven sitt syn på korleis tiltaka har verka og kva endringar eleven ønskjer. • Jærskulen sin mal skal nyttast
Tilpassa tiltaka	<ul style="list-style-type: none"> • Rektor skal følgje opp at skulen tilpassar tiltaka på grunnlag av informasjon om korleis tiltaka har verka og eleven sitt syn. • Både skulen, elev og føresette skal vurdere tiltaka. Samtidig må ein vurdere behovet for nye tiltak.
Info om rett til å melde saka til Fylkesmannen	<ul style="list-style-type: none"> • Rektor skal sikre at elevar og føresette får informasjon om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen <p>Døme:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Informasjon på foreldremøta om hausten ○ Informasjonsbrev til heimane ○ Informasjon på skulen si heimeside

§9A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeidar på skulen krenkjer ein elev

Plikt	Kva vil det seie?
Plikta til straks å varsle rektor	<ul style="list-style-type: none"> • Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen, straks varslar rektor dersom dei får mistanke eller kjennskap til at ein som jobbar ved skulen har krenka ein eller fleire elevar. • Krenking kan her vera direkte krenkingar eller indirekte krenkingar som utestenging, baksnakking og isolering. • Varslinga kan skje munnleg eller ved bruk av varslingsskjema.
Plikta til straks å varsle skuleeigar	<p>Rektor skal sikre at dei tilsette veit at dei skal varsle skuleeigar dersom mistanken gjeld ein i skuleleiinga. Skulesjef i kommunen skal varslast.</p> <p>Rektor skal varsle skuleeigar straks (same dag) dersom det er mistanke eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen har krenka ein eller fleire elevar.</p>
Plikte til straks å undersøke saka	<p>Rektor skal sikre at skulen undersøker saka straks. Skulen må ha ein rutine/prosedyre som seier noko om:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Når det skal undersøkjast? • Korleis skulen skal undersøkje? <p>Alle involverte partar skal verta høyrde</p> <p>Det skal vera referat frå alle samtalar.</p>

VEDLEGG

VEDLEGG 1: AKTIVITETSPLAN

jfr oppl § 9a-4

*«Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø»
"Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.»*

Skulen vil gjennom ulike tiltak i aktivitetsplanen, og i samarbeid med føresette og elev, arbeide for at eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø blir oppfylt.

Planen gjeld for namn elev/født:	
Klasse:	Skule:

Varslinga er motteken:	
Dato:	Mottakar:

Bakgrunn for varslinga/skildring av utfordring:

Informasjon om undersøkingane skulen har gjort:

Tiltak 1	
<i>Skildring av tiltak</i>	
<i>Grunngjeving av tiltak</i>	

Når vert tiltaket sett i verk	
Ansvar for tiltaket	
Dato for evaluering	

Tiltak 2	
Skildring av tiltak	
Grunngjeving av tiltak	
Når vert tiltaket sett i verk	
Ansvar for tiltaket	
Dato for evaluering	

Tiltak 3	
Skildring av tiltak	
Grunngjeving av tiltak	
Når vert tiltaket sett i verk	
Ansvar for tiltaket	
Dato for evaluering	

Planen er utarbeidd (dato):	Medverkande:
-----------------------------	--------------

Signatur rektor _____

VEDLEGG 2: VARSLINGSSKJEMA FOR TILSETTE I SKULEN

Skal bli brukt av skulen sitt personale dersom det er mistanke om utrygt skulemiljø, krenkjande åtferd eller ein ser krenkjande åtferd.

Dato for observasjon:	Stad:
Elevar involvert i hendinga: (Elevenes namn, født, klasse)	
Skildring av hendinga: (Kva er observert? Mobbing, vold, rasisme, diskriminering, utestenging, annan form for krenkjande ord/handling).	
Anna faktainformasjon:	
Underskrift og dato:	

Varslings skjema skal leverast til rektor.

Vidare behandling:	
Underskrift og dato: (Rektor)	

VEDLEGG 3: VARSLINGSSKJEMA FOR FØRESETTE

Forslag til korleis du som forelder ber om tiltak i forhold til Opplæringslova § 9a

Til rektor ved: _____

Tiltak for eit betre psykososialt miljø

Eleven sitt namn/født: _____ Klasse: _____

Bakgrunn for kvifor eg/me ber om tiltak

Du må først sei noko om kvifor du ber om tiltak. Kva har skjedd?

Tiltak

Du behøver ikkje føreslå tiltak. Om du har forslag til korleis skulemiljøet kan bli betre for barnet ditt, skriv du kva du meiner skulen bør gjera. Du kan og skriva om tiltaka bør gjelda for ein einskild elev eller for ei gruppe elevar.

Eg/me ber skulen treffa eit tiltak så snart som mogleg.

Dato: _____

Underskrift: _____

VEDLEGG 4: SKJEMA FOR MUNNLEG HENVENDING TIL SKULEN VEDR ELEVEN SITT SKULEMILJØ

Opplæringslova har egne bestemningar (kap.9a) om elevar sin rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det fysiske miljøet skal vera i samsvar med dei faglege normene som til kva tid er anbefalt frå myndigheitene. Det psykososiale miljøet skal vera slik at det gjer kvar einiskild elev tryggleik og sosial tilhørslse.

Dersom elevar, føresette eller råd/utval har mistanke om at sider ved det fysiske eller psykososiale miljøet ikkje er i overeinskomst med opplæringslova §9a, og tek kontakt med skulen munnleg – kan følgjande skjema nyttas:

Dato:	Skulen har mottatte munnleg melding frå: <i>(Elev, føresette eller råd/utval)</i>
Føreteljing/klagen gjeld: <i>(Gje ei skildring av kva forhold som sjåast på som brot på §9a)</i>	Eleven sitt namn/født: Gruppe: Underskrift:

Føreteljinga skal leverast til rektor

Vidare behandling:	
Underskrift og dato: <i>(Mottakar av føreteljinga)</i>	

Dato

Underskrift Rektor

VEDLEGG 5: EVALUERINGSSKJEMA

Evaluering av tiltak i aktivitetsplan

Jfr. Opplæringsloven kap 9A

«Alle elever har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.» §9A-2

«Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald til dette kapittelet blir oppfylte. Rektor har ansvar for at dette blir gjort.» §9A-3 ledd 2

«Skolen skal sørge for at involverte elever blir høyrde.» §9A-4 ledd 5

Utfylt skjema fungerer som referat frå møtet.

Elev/født:	Klasse:	Dato for møte:
Kven deltar på møtet: (Før- og etternamn)		

Evaluering av tiltak:

ELEVEN SI VURDERING:

<ul style="list-style-type: none">▪ Korleis opplever eleven situasjonen nå på skulen?▪ Korleis opplever eleven at tiltaka har fungert?▪ Eleven sine synspunkt om vidare oppfølging.

FØRESETTE SI VURDERING:

<ul style="list-style-type: none">▪ Korleis opplever føresette_situasjonen nå på skulen?▪ Korleis opplever føresette at tiltaka har fungert?▪ Føresette sine synspunkt om vidare oppfølging.

SKULEN SI VURDERING

<ul style="list-style-type: none">▪ Korleis opplever skulen situasjonen nå?

<ul style="list-style-type: none"> ▪ Korleis opplever skulen at tiltaka har fungert? ▪ Skulen sine synspunkt om vidare oppfølging.

OPPSUMMERING

Behov for nye tiltak/ vidareføring av tiltak:	Grunngjeving:
Saka blir avslutta:	Grunngjeving:

Eventuelt dato for nytt evalueringsmøte:	
---	--

Sign.rektor:

**VEDLEGG 6: ELEVSAMTALE VED MISTANKE OM UTRYGT SKULEMILJØ/ KRENKJA/ MOBBA
(UTSATT FOR)**

Elev/født:	Dato:
Korleis har du det på skulen?	
Er det nokon som plagar deg?	
I tilfellet kven?	
Kva trur du problemet kjem av?	
Når er det verst (kva, kor og tid)?	
Kva må forandrast for at situasjonen skal bli betre for deg?	
Kva kan eg som lærar gjere for at du skal få det betre på skulen?	
Er det noko du kan gjere sjølv?	
Kva meir ynskjer du å fortelja meg?	
Avtale om nytt møte	
Dato:	Tid og stad:
Konkrete mål til neste gong:	
1.	
2.	
3.	
Dato og underskrift for gjennomført samtale:	

**VEDLEGG 7: ELEVSAMTALE VED MISTANKE OM Å GJERE DET UTRYGT/ KRENKJE/ MOBBE
(UTFØRER)**

Elev/født:	Dato:
Konfrontere eleven med det du veit om mobbinga.	
Forklaring (Eleven sin versjon):	
Kvifor gjer du dette ?	
Kven andre meiner du er med på dette ?	
Kva kan du gjere for å få slutt på dette ?	
Kva meiner du eg må gjere for å få en slutt på mobbinga ?	
Er det noko meir du vil fortelja meg ?	
Avtale om nytt møte:	
Dato:	Tid og stad:
Konkrete mål til neste gang:	
1.	
2.	
3.	
Dato og underskrift for gjennomført samtale:	

VEDLEGG 8: VARSLINGSSKJEMA OM MISTANKE OM AT EIN SOM ARBEIDER PÅ SKULEN GJER DET UTRYGT/ KRENKJER/ MOBBAR ELEV

Skal bli brukt av dei som arbeider ved skulen dersom det er mistanke om at gjer det utrygt/ krenkjer/ mobbar elev

Dato for observasjon:	Stad:
Vaksen involvert i hendinga: (Den vaksne sitt namn)	
Skildring av hendinga: (Kva er observert? Mobbing, vold, rasisme, diskriminering, utestenging, annan form for krenkjande ord/handling).	
Anna faktainformasjon:	
Underskrift og dato:	

Varslingskjema skal leverast til rektor.

Vidare behandling:	
Underskrift og dato: (Rektor)	

VEDLEGG 9: ÅRSJUL FOR SOSIAL KOMPETANSE (DET LAGES NY I SKULEÅRET 20/21)

